

Regional plan samfunnstryggleik

Handlingsprogram 2025

Del 4 Korleis skal vi møte utfordringane?


Denne handlingsdelen inneheld strategiar og tiltak som er viktige for å følge opp måla i del 1 og funna i del 3.

Handlingsprogrammet blir revidert årleg. Oppdatert handlingsprogram gjeld for 2025. Tidlegare handlingsprogram er tilgjengeleg som vedlegg til denne planen.

Fleire av tiltaka frå FylkesROS 2022 er innarbeida. Samstundes må ein sjå desse dokumenta i samanheng.

4.1 Strategiar for å nå måla

Korleis skal vi arbeide i tida framover for å nå måla vi har sett oss? Ein strategi er «vegen til målet». Strategiane skal vere til hjelp i arbeidet med å betre samfunnstryggleiken i Innlandet.



Figur 4.1. Figuren syner oppbygginga av planen med mål, strategiar og tiltak. Del 4 omhandlar strategiar og forslag til tiltak.

Vi har valt fem strategiar for å nå måla i planen:

1. Utnytte og auke kompetansen innan samfunnstryggleik

+

For å førebygge og møte dei utfordringane vi står ovanfor i framtida, må vi ta betre i bruk eksisterande og utvikle ny kunnskap innan ulike tema i arbeidet med samfunnstryggleik. Dette er til dømes naturfare, det digitale trusselbilete og eit klima i endring.

Vi må saman arbeide aktivt for å sette innbyggjarar, verksemder og organisasjonar i stand til å handtere utfordringane og ha god eigenberedskap.

Kompetansen om cyber- og informasjonstryggleik bør auke i kommunar, verksemder, organisasjonar og i befolkninga elles. Innlandet har fleire solide kompetansemiljø. Desse kan og bør bidra til å auke både nasjonal, regional og lokal kompetanse innan samfunnstryggleik og beredskap.

2. Sikre ei framtidsretta arealplanlegging og forvaltning som bidreg til betre samfunnstryggleik

+

Samfunnstryggleik sikrast blant anna gjennom langsiktig planlegging. Vi må sikre at forvaltning og planlegging implementerer og bygger på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag kring samfunnstryggleik.

Forvaltning og sakshandsaming i Innlandet må halde høg kvalitet og basere seg på oppdaterte ROS-analyser. Vi må saman styrke samordninga av planverk og tiltak. Arealbruken i Innlandet må ta omsyn til samfunnstryggleiken på ein hensiktsmessig måte.

Vi må syte for at Innlandet si rolle som matprodusent blir styrka og ta vare på matjorda vår. Utmarka er ein stor ressurs i Innlandet og framover må vi sjå denne som ein viktigare ressurs i matproduksjonen.

Vi bør praktisere jordvernet særleg strengt når det gjeld forslag til omdisponering av areal til føremåla bustad, næring og fritid. Ved utforming av anlegg til samferdsel (veg, bane med meir.) skal ein søke å redusere beslaget av matjord til eit minimum.

I samband med forslag om omdisponering av dyrka eller dyrkbar jord til utbyggingsføremål, bør det utarbeidast ei alternativvurdering der òg omsyn til transport, mobilitet, friluftsliv, kulturminne, vassmiljø og naturmangfald blir vurdert.

Kommunane bør ved rullering av kommuneplanen sin arealdel gjere ei ny vurdering av dyrka eller dyrkbar jord som er avsett til utbyggingsføremål i gjeldande kommuneplan og som ikkje er regulert. Det skal leggast til rette for levedyktig, stabil og berekraftig busetting og landbruk i heile Innlandet.

Tiltak bør planleggast, etablerast og driftast på bakgrunn av ein reguleringsplan. Kartlegging av naturfarar, flaum-, overvatn-, erosjons- og skredfarar skal skje så tidleg som mogeleg i planprosessen, og ligge som viktige premiss for vidare arbeid.

Kommunane, fylkeskommunen og staten skal aktivt arbeide med å førebu Innlandssamfunnet på klimaendringane og ruste Innlandet til betre å handtere andre relevante truslar.

Energiforbruk og energiforsyning må tas sterkare inn i arealplanlegginga. Energiproduksjon krev areal, som vil gi interessekonfliktar til natur, miljø og estetikk. Det lyt gjerast gode og heilskapelege vurderingar i planlegginga for å bidra til ei tilstrekkeleg og robust kraftforsyning, som bygger opp om måla vi har om meir fornybar energi.

3. Sikre tilstrekkeleg og robust energiforsyning

+

Vi er avhengig av ei sikker og robust kraftforsyning for å få samfunnet vårt til å fungere i ei tid der vi treng meir energi. Tilstrekkeleg energi bør sikrast på ein slik måte at det ikkje går utover omsynet til miljø, klima og natur.

Konsekvensane av eventuelle nye inngrep og installasjonar må utgreiast på ein kunnskapsbasert måte. Energiøkonomisering må bidra til å redusere etterspørselen etter meir energi. Effektivisering, utvikling og oppgradering av eksisterande vasskraftanlegg, bør prioriterast.

Vi må legge til rette for utvikling av fornybare og robuste løysingar for energiproduksjon og lagring for å bidra til auka stabilitet i forsyninga. Mogelegheitene for auka bruk av sol, vind, vatn, jordvarme, bioenergi og eventuelt kjernekraft er døme på energiløysingar som bør bli utgreia vidare. Målet er ei robust kraftforsyning med ein hensiktsmessig samansetning av energiløysingar.

Straumettet må vere robust og ha tilstrekkeleg overføringskapasitet internt i fylket og mellom landsdelar. Dette heng på nasjonale myndigheiter, men Innlandet bør vere tydelege på det regionale behovet inn i den nasjonale diskusjonen. Kraftleidningar kan vere sårbare for ekstremvær (vind) og dette må vi ta omsyn til i framtida.

Det må bli lagt større vekt på omsynet til samfunnstryggleik og samfunnsnytte. Det bør bli utarbeidd nasjonale kriterier for samfunnsnytte ved prioritering av nett-tilknytning.

4. Sikre og utvikle infrastruktur som toler framtidige utfordringar og tek vare på samfunnet sitt grunnleggande behov

+

Samfunnsplanlegging må sikre at ny eller eksisterande infrastruktur er tilpassa og sikra mot ulike farar og skade. Planmyndigheitene må ha særskild fokus på at funn i risikovurderingar og frå hendingar vert lagt til grunn ved revisjon av areal- og samfunnsplanar.

Infrastruktureigarane i Innlandet skal ha god oversikt over tilstanden og kritiske punkt på eigen infrastruktur. Dei skal arbeide systematisk med å følge opp og avdekke svakheiter.

Vi vil arbeide for å sikre at kritisk infrastruktur og kritiske samfunnsfunksjonar toler framtidig utfordringar, samstundes som vi arbeide systematisk for å redusere og avdekke sårbarheiter.

Vi vil arbeide for å overføre meir gods frå veg til bane for å oppnå eit meir robust transportsystem.

Vi vil vidareføre samarbeidet om full dekning av høgfartsbreiband i Innlandet og sikre ei meir robust drikkevassforsyning til innbyggjarane.

5. Auke samarbeidet for å betre samfunnstryggleiken

+

Ressursane vi har bør nyttast på ein best mogeleg måte.

Optimal ressursbruk inneber blant anna at vi styrkar samarbeidet mellom frivillige organisasjonar, offentlege aktørar, næringsliv og academia innan samfunnstryggleik og beredskap. Vi bør kjenne godt til kvarande og sikre god dialog. Vi bør auke samarbeidet mellom det sivile samfunn og Forsvaret, både i øvingar og ved handtering av større hendingar.

Innlandssamfunnet må aktivt ta i bruk det nye nasjonale varslingsystemet når dette blir operativt, for slik å kunne varsle fastbuande, deltidsinnbyggjarar og besøkande.

Vi vil legge til rette for å auke samarbeidet og erfaringsutvekslinga mellom kommunane i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.

4.2 Korleis følger vi opp planen?

Regional plan er eit reiskap for god samfunnsplanlegging og samordning av tiltak på tvers av kommunegrenser og verksemdar i Innlandet. Den gir retninga for arbeidet med samfunnstryggleik i Innlandet fram mot 2035.

Fylkestinget er regional planmyndigheit og har det overordna ansvaret for planen

Innlandet fylkeskommune, som regional utviklingsaktør, har ansvaret å koordinere oppfølging av planen, men dette er ein plan for heile Innlandssamfunnet og derfor er regionalt partnerskap ein sentral arena for samordning.

I regionalt partnerskap er Statsforvaltaren i Innlandet, Kommunanes sentralforbund (KS), NAV Innlandet, LO, NHO, Fagskolen Innlandet, Innovasjon Norge, HINN og NTNU og Innlandet fylkeskommune representert. Innlandet fylkeskommune har leiinga og er sekretariat for partnerskapet.

Årleg status

Kvart år legg fylkeskommunen fram status frå arbeidet med oppfølging av planen til fylkestinget. Drøftingar i og innspel frå blant andre Fylkesberedskapsrådet, interkommunale politiske råd og regionalt partnerskap er grunnlaget for denne statusen.

Det mest sentrale blir rullering og kva tiltak som skal prioriterast komande år.

Resultatet av dei to nasjonale utgreiingane (Totalberedskapskommisjonen og Forsvarskommisjonen) er tatt omsyn til i rulleringa av handlingsprogrammet 2025.

Må bli sett i samanheng med andre planar

Regional plan for samfunnstryggleik, er ein av tre nye regionale planar i Innlandet i 2023, og planen må bli sett i samanheng med "Regional plan for det inkluderande Innlandet" og "Regional plan for klima, energi og miljø".

Særleg "Regional plan for klima, energi og miljø" har mange grensesnitt med denne planen.

Samstundes har andre regionale planar i Innlandet fleire grensesnitt til denne planen. Det gjeld særleg regionale planar for vassforvaltning. Det same gjeld andre planar og strategiar (til dømes Mjøsbyen). Rettleiarar, herunder det pågåande arbeidet "Klimavennlig stedsutvikling i hyttekommuner" må òg bli sett i samaheng med denne planen.

4.3 Prioritert innsats i 2025

Vurdering av ny kunnskap

Det blir gjort mykje godt samfunnstryggleiksarbeid i Innlandet. Ny kunnskap og endra situasjon krev at vi no gjer meir av det gode. Det er kome ny kunnskap sidan regional plan for samfunnstryggleik vart vedteken i juni 2023. Særleg vil ny St.meld. 9 (2024-2025) gje føringar for utviklinga framover. Samarbeid, kunnskap og koordinering er og blir sentralt.

Generelt ser ein ei heilt anna merksemd og prioritering på samfunnstryggleik innan mange områder. Det kjem mange initiativ til utvikling- og samarbeidsprosjekt innan planen sine hovudtema, både internasjonalt, nasjonalt, regionalt og lokalt. Dette krev større merksemd kring samordning og koordinering. Initiativ lyt bli møtt, og ein lyt sikre at ambisjon og ressursar heng saman.

Innlandet har mange sterke fagmiljø innan fleire tema med stor betydning for samfunnstryggleiken, og det blir gjort mykje godt arbeid. Dette må, i tråd med nye nasjonale prioriteringar og planen sine hovudmål, bli vidareført og styrka.

Ein ser at mål, hovudtema og strategiane i planen, ivaretek ny kunnskapen på eit overordna nivå. Samstundes krev nye nasjonale prioriteringar at regional plan tydeleggjer si prioritering og retning på tiltaka inn i 2025. Det er behov for å tydeleggjere prioriteringa av tiltaka framover og sjå desse i samband med arbeidet som er i gang kring regionalt totalforsvar, som Statsforvaltaren leiar og kommunar og fylkeskommune deltek i.

Ressursane ein har tilgjengeleg krev at innsatsen blir koordinert og samordna på best mogeleg måte. Tiltaka som blir føreslege for 2025 ivaretek dette. Samstundes er det naudsynt å sikre fleksibilitet for å kunne følgje opp nye initiativ og ny stortingsmelding.

Regional plan har eit førebyggjande perspektiv og etablerte roller/ansvar ligg fast.

Ny kunnskap 2025 finn du i sakspapira PS 25/2025

4.4 Tiltak i 2025

Handlingsprogram 2025

Ny handlingsdel ser til totalforsvarsarbeidet i regi av SFIN. Fleire av dei eksisterande tiltaka er slått saman og løftet eit nivå opp. Dette er i hovudsak gjort ved å sjå tiltak på tvers av hovudtema, for eksempel knytt til heving av kompetanse. Tiltak som er ferdige er teke ut. Det same gjeld tiltak som ikkje lengre er aktuelle på grunn av endring i til dømes forskrift og endra risikobilete.

Tiltak som i stor grad er regulert i lov/forskrift og kommunalt ansvar er tatt ut (til dømes oppgradering vatn/avløp). Tiltak som er eit nasjonalt ansvar er blitt forsøkt å gjere meir tydeleg til å omhandle regionalt påverknadsarbeid.

Fleire av tiltaka som fekk fondsmidlar i 2024 fortset i 2025. I handlingsprogram 2025 foreslår ein å tildele 3,6 millionar kroner frå dei disponible midla i 2025 (3 925 000 kroner). Ein vel å la noko av midla (325 000 kr) stå att på fond for å sikre at regionen har noko fleksibilitet og mogelegheiter for nye initiativ i 2025.

Midlar til nye tiltak er føreslått etter følgande prinsipp:

- Tiltaket/prosjektet skal bidra til gjennomføring av satsingar og tiltak vedteke i dei regionale planane.
- Tiltaket/prosjektet skal kome i tillegg til det som er finansiert via ordinær drift.
- Tiltaket/prosjektet skal ikkje erstatte tidelegare politiske vedtekne nedprioriteringar.
- Tiltaket/prosjektet skal kunne bli starta opp i nær framtid.

Samla sett er det 35 ulike tiltak i 2025 som til saman fordeler 3,6 millionar kroner.

Tiltak 1–5

+

2025_1

Tiltak: Auke kompetansen om samfunnstryggleik og beredskap gjennom til dømes vidareføring av etablerte arena, konferansar og nettverk. Ta i bruk utdanningsinstitusjonane til å skaffe meir kunnskap og forskning (vidaregåande skule, bachelor-, master og doktorgradsarbeid) på samfunnstryggleik og beredskap i Innlandet (iverksett). Søke etter mogelegheiter for samarbeid i Europa.

Aktivitet: Vidareføre etablerte arena og nettverk. Aktuelle samarbeid er knytt til InterREG, EU, Forskningsrådet mfl. Totalforsvarskonferansen, fagnettverk for beredskapskoordinatorar, klimatilpassingsnettverk. Sjå etter mogelegheiter for å sjå dei ulike arenaene i samanheng. Akademia og Forsvarsforum Innlandet er en viktig samarbeidsaktør. Set av midlar til å styrke eksisterande satsing.

Tildeling: 200 000

Hovudansvarleg: Innlandet fylkeskommune og Statsforvaltaren i Innlandet. Beredskapsaktørar og akademia

2025_2

Tiltak: Vidareutvikle, systematisere og sikre oppdatert regional kunnskap innan samfunnstryggleik og gjere det tilgjengeleg gjennom plattformer som Innlandsstatistikk, NVDB, InnlandsGIS og areal- og naturregnskap.

Aktivitet:

Det er to hovudaktivitetar i 2025:

- 1) Det blir etablert eit kartbasert datasett for hendingar med mål om å samhandle under kriser. Fokus for aktiviteten er kommunane sin beredskapsorganisasjon og det vil bli arbeida med kommuneretta opplæring og samlingar for å ta det i bruk. Det blir sett av 300 000 kroner til dette arbeidet.
- 2) Det blir òg sett i gang kartlegging av klimarelaterte risiko og sårbarheiter (som inneber å starte arbeidet med en klimasårbarheitsanalyse for fylket). Dette tiltaket er òg omtala i RP klima, energi og miljø. Tiltaket (S11) fekk midlar i 2024 (250 000 kroner) som blir vidareført til 2025.

Tildeling: 300 000

Hovudansvarleg: Temadata Innlandet/InnlandsGIS, Innlandet fylkeskommune, Statsforvaltaren Innlandet, Statens Kartverk, kommunane

2025_3

Tiltak: Arbeide for å etablere ei felles nordisk kartløyning, "GRIDS" (digitalt beredskapskart, GIS) med mål om å betre samhandling på tvers av grenser og organisasjonar i sivil sektor.

Aktivitet: EU Horizon-søknad 2024 (GRIDS) er sendt. Gjennomføring er avhengig av at søknaden blir innvilga. Forventa svar første halvår 2025.

Tildeling: 0

Hovudansvarleg: Innlandet fylkeskommune og Statsforvalteren i Innlandet. Kartverket, univeristet og naboregionar er blandt samarbeidspartnarane.

2025_4

Tiltak: Innlandet skal vere ein pådrivar for å påverke nasjonale aktørar slik at arbeidet med beredskap kan bli gjort i tråd med lovkrav og signal med tilstrekkeleg finansiering og ressursar.

Aktivitet: Dette er eit viktig del av totalforsvarsarbeidet. Sivil transportberedskap, flaum og skredsikring, viktige omkøyringsvegar, gods over på bane, beredskapslagre, nasjonalt bruprogram- Dette må bli sett i samanheng med prosjekt kring strategisk kommunikasjon. Nasjonal transportplan. Høyringar.

Tildeling: 0

Hovudansvarleg: Innlandet fylkeskommune, Statsforvaltaren i Innlandet

2025_5

Tiltak: Bidra til styrke matproduksjon og sjølforsyning i Innlandet.

Aktivitet: Vidareføre satsinga "Matfylket Innlandet" (fekk tildelt midlar gjennom regional plan i 2024). Satsinga vil kartlegge mogelegheiter og utfordringar i Innlandet. Avklaringar knytt til blant anna pilotprosjekt om matberedskap i Innlandet ("Mat og forsvar"), som òg er omtala i St. meld. 9 (2024-2025). Statsforvaltaren vidarefører støtte til kommunale jordvernstrategiar. Følgje opp tiltaksplanane for jordbruk og skogbruk. Det kjem ny tiltaksplan for jordbruk 2025-2030 (skal til handsaming vinteren 2025).

Tildeling: 0

Hovudansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet, Innlandet fylkeskommune, kommunane

Tiltak 6–10

+

2025_6

Tiltak: Styrke omsynet til jordvern i Innlandet og vidareføre arbeidet for å sikre at tap av landbruksjord ikkje overstig nasjonale mål.

Aktivitet: Utarbeide kommunale jordvernstrategiar. EU-prosjekt ("A soil Deal for Europe") (søknad sendt 2024). Vidareutvikle areal- og naturrekneskap for å halde oversikt. Følgje opp tiltaksplan for jordbruket. Dette blir følgt opp med midlar frå ordinære budsjett.

Tildeling: 0

Hovudansvarleg: Statsforvalteren i Innlandet, Innlandet fylkeskommune og kommunane.

2025_7

Tiltak: Regionale myndigheiter skal gjennom rettleiingsansvaret sitt medverke til at alle kommunar tek i bruk anbefalt metodikk for ROS-analysar og ivaretar samfunnstryggleik og samfunnskritiske funksjonar i planlegging etter plan- og bygningslova.

Aktivitet: Innsats i 2025 er å sjå på korleis ein kan vidareutvikle planforum. Planrettleiing inngår òg i dette tiltaket. Plan- og bygningslovskonferansen i Innlandet er ein arena, saman med vidareføring av til dømes klimatilpassingsnettverk og ordinær rettleiing.

Tildeling: 0

Hovudansvarleg: Innlandet fylkeskommune og Statsforvaltaren i Innlandet. Kommunane og andre regionale aktørar.

2025_8

Tiltak: Bidra til at klimarisiko kjem inn som tema i planarbeid og heilskaplege ROS-analysar.

Aktivitet: Felles metodikk må bli nytta. Prosjekt i klimatilpassingsnettverket for å sjå på korleis dette kan bli gjort.

Tildeling: 100 000

Hovudansvarleg: Innlandet fylkeskommune og Statsforvalteren i Innlandet.

2025_9

Tiltak: Bidra til at omsynet til samfunnstryggleik blir ivaretatt i regionalt strategi- og handlingsprogramarbeid og ved tildeling av tilskot.

Aktivitet: Pågåande strategiarbeid, som blir finansiert som eigne prosjekt/prosessar.

Tildeling: 0

Hovudansvarleg: Innlandet fylkeskommune

2025_10

Tiltak: Arbeide for at samfunnskritiske aktørar i Innlandet har kontinuitetsplanar, medrekna lagerbeholdning for drift under større hendingar. Målsetting om å oppretthalde funksjon over tid.

Aktivitet: Tiltaket er ein viktig del av satsinga på totalforsvaret. Bidra til klargjering og utarbeiding av kontinuitetsplanar, medrekna utvikling av kunnskap og gode rutinar for lagring av kritiske innsatsfaktorar for dei samfunnskritiske funksjonane. Innlandet skal bidra til den nasjonale debatten kring lagring. Politisk påverknadsarbeid. Flaumvernustyr. Matkorn. Såkorn. Smittevernustyr mm. Innsatsen i 2025 er knytt til kunnskapsgrunnlag og samordning.

Tildeling: 0

Hovudansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet og Innlandet fylkeskommune. Beredskapsaktørane.

Tiltak 11–15

+

2025_11

Tiltak: Støtte infrastruktureigarane i Innlandet med å syte for robuste system, med god oversikt over kritiske punkt på eigen infrastruktur og i arbeidet med å utbetre feil.

Aktivitet: Infrastruktur knytt til veg, drikkevatn, straum, bane, EKOM med meir. Det er store kostnader til dette tiltaket, men dette må bli ivareteke i ordinær drift og utvikling av infrastruktur hjå den enkelte aktør. Inn i dette ligg og oppfølging av regional godsstrategi og handlingsprogram for fylkesveg i Innlandet.

Tildeling: 0

Hovudansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet, Innlandet fylkeskommune, kommunane og eigarane av kritisk infrastruktur

2025_12

Tiltak: Auke kompetansen om samfunnstryggleik hos barn og unge. Bidra til at tema frå samfunnstryggleiksplanen og kunnskap eigenberedskap blir løfta inn i kompetansehevinga i skulane.

Aktivitet: Det føregår arbeid nasjonalt og lokalt kring dette, medrekna eit pilotprosjekt i Finnmark. Fylkeskommunane har eit felles innspel om aktivitet i "Totalforsvarsåret 2026" kring dette. Aktivitet i 2025 inneber å understøtte felles nasjonale initiativ, bidra til utviklinga nasjonalt og undersøke regionale moglegheiter/pilotprosjekt for å nå mål om å spreie kunnskap blant barn og unge.

Tildeling: 500 000

Hovudansvarleg: Innlandet fylkeskommune

2025_13

Tiltak: Auke kompetansen om korleis barn og unge skal ivaretakast før, under og etter kriser.

Aktivitet: Vidareføre beredskapsråd for barn og unge (SFIN). Oppretthalde arbeidet med å sikre omsyn til barn og unge, blant anna knytt til erfaringane etter pandemien.

Tildeling: 0

Hovudansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet, Innlandet fylkeskommune

2025_14

Tiltak: Vidareføre samarbeidet mellom Politiet og vidaregåande skular for å førebygge ungdomskriminalitet i Innlandet

Aktivitet: Tre-årig prosjekt er sett i gang og blir finansiert i ordinær økonomiplan

Tildeling: 0

Hovudansvarleg: Innlandet fylkeskommune, Innlandet politidistrikt m.fl.

2025_15

Tiltak: Styrke eigenberedskapen hjå innbyggjarane, verksemder og i organisasjonar i Innlandet

Aktivitet: Det er behov for å auke kompetansen om eigenberedskap. DSB har informasjonsmateriell og "Eigenberedskapsveka" blir gjennomført kvart år i oktober. Fleire kommunar deltek. Dette tiltaket bør bli sett i samanheng med tiltak 2025_4. Oppretthalde regional merksemd på dette temaet. Nytte eksisterande arena og kampanjar. Sjå kopling til totalforsvarsarbeidet og kontinuiterplanlegging.

Tildeling: 0

Hovudansvarleg: Beredskapsaktørane i Innlandet. Statsforvaltaren koordinerer

Tiltak 16–20

+

2025_16

Tiltak: Bidra til god kommunikasjon til befolkning og verksemder før, under og etter kriser/hendingar. Vidareutvikle kommunikasjonsplanar for krisehandtering (før, under og etter). Dette bør inkludere oppmøtestader ved kriser og samordning av nødetatar.

Aktivitet: Tiltaket inneber å sjå på korleis ulike kommunikasjonskanalar kan nyttast (digitale og analoge) mellom dei ulike beredskapsaktørane. Sikre at folk er kjent med manuelle rutinar viss dei har behov for tenester under EKOM-bortfall. For 2025 handlar dette om å vidareføre pågåande arbeid.

Tildeling: 0

Hovudansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet, Innlandet fylkeskommune og kommunane

2025_17

Tiltak: Fleire øvingar og evalueringar av hendingar innan totalforsvaret i Innlandet

Aktivitet: Øvingsutvalet Innlandet. Inkludere aktørane i totalforsvaret. Det blir sett av midlar til å kunne bidra i gjennomføring og/eller oppfølging av tiltak etter evaluering, der ein einskild aktør ikkje har direkte ansvar åleine.

Tildeling: 150 000

Hovudansvarleg: Statsforvalteren i Innlandet

2025_18

Tiltak: Utnytte prosjektmidler nasjonalt og gjennom EUs program for å nå måla i planen sine satsingsområde

Aktivitet: Følgje opp internasjonal handlingsplan. Søknadsutvikling med bistand frå fagrettleiarar til nasjonale og europeiske prosjekt i tråd med handlingsprogrammet til regional plan for samfunnstryggleik.

Tildeling: 0

Hovudansvarleg: Innlandet fylkeskommune

2025_19

Tiltak: Forsterke og strukturere samhandling og interaksjon med regionar og län (Värmland og Dalarna)

Aktivitet: Innlandet fylkeskommune har gjennom samarbeidsavtala med Region Värmland, arbeid i Grensekomiteen Innlandet-Dalarna, Grensekomiteen ARKO og EU-programmet Interreg Sverige Noreg forsterka samhandlinga og interaksjonen. Statsforvaltaren har ei sentral rolle i Grenseredningsrådet og hovudansvar for GrenseROS. Statsforvaltaren vil fortsette NORRED og utvikle NORDEFCO. Koordinere grensesamarbeidet. Det blir sett av midlar til initiativ og oppstart av GrenseROS (Statsforvaltaren).

Tildeling: 100 000

Hovudansvarleg: Innlandet fylkeskommune, Statsforvalteren i Innlandet, Grensekomiteen Innlandet-Dalarna, Grensekomiteen ARKO, grensekommunane

2025_20

Tiltak: Regionale aktørar skal vere pådrivarar slik at infrastrukturen for kraft i Innlandet blir prioritert og oppgradert.

Aktivitet: Innlandet skal bidra til den nasjonale debatten kring kraftinfrastruktur. Politisk påverknadsarbeid. Tiltaket er ein viktig del av satsinga på totalforsvaret. Strategisk påverknadsarbeid.

Tildeling: 0

Hovudansvarleg: Innlandet fylkeskommune

Tiltak 21–25

+

2025_21

Tiltak: Innlandet skal vere ein pådrivar for å få på plass kriteria slik at kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur blir prioritert ved bortfall av kraft (nødstrøm, feilretting).

Aktivitet: Innlandet skal bidra til den nasjonale debatten kring kraftinfrastruktur. Politisk påverknadsarbeid. Tiltaket er ein viktig del av satsinga på totalforsvaret.

Tildeling: 0

Hovudansvarleg: Innlandet fylkeskommune

2025_22

Tiltak: Utreie behovet for eit felles regionalt system for overvaking og varsling av straumutfall. Dette skal vere uavhengig av netteigar og vere ein struktur for både beredskapsaktørar og befolkninga.

Aktivitet: Det er sett i gang eit arbeid nasjonalt via Næringslivets sikkerheits og beredskapssenter. Her er Innlandet fylkeskommune medlem. For 2025 inneber tiltaket å undersøke og kartlegge regionale mogelegheiter og behov. KBO/KBS, NVE er sentrale samarbeidspartnarar.

Tildeling: 0

Hovudansvarleg: Innlandet fylkeskommune, Stasforvaltaren i Innlandet

2025_23

Tiltak: Vurdere nasjonalt eller regionalt utstyrlager for flaumvernustyr på sentrale punkt langs vassvegane i Innlandet. Vurdere mogelegheitene for eit pilotprosjekt i Innlandet

Aktivitet: Vurdere pilotprosjekt i Innlandet innan dei ansvarforholda som gjeld

Tildeling: 500 000

Hovudansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet, Innlandet fylkeskommune, beredskapsaktørane

2025_24

Tiltak: Utarbeide plan for sikring av og beredskapsplan for Innlandet sine kulturverdiar

Aktivitet: Utarbeide oversikt over viktige kunst- og kultursamlingar og kulturmiljø som grunnlag for plan for sikring og beredskap

av Innlandet sine kulturverdiar. Utarbeide beredskapsplan. Arbeidet blir sett i gang i 2025 og er finansiert gjennom økonomiplanen. Tiltaket krev samarbeid og involvering i Innlandssamfunnet.

Tildeling: 0

Hovudansvarleg: Innlandet fylkeskommune

2025_25

Tiltak: Bidra til eit kompetanseløft i risiko- og sårbarheitsanalyser for arrangørar (idrett, kultur mfl.) i Innlandet.

Aktivitet: Festivalnettverket i Valdres fekk tilskot til kompetanseheving i 2024 (via tiltak 2025_29. Det blir føreslege midlar for å kunne overføre erfaringar og kunnskap til andre aktørar/arrangørar i Innlandet.

Tildeling: 100 000

Hovudansvarleg: Innlandet fylkeskommune

Tiltak 26–30

+

2025_26

Tiltak: Vere ein pådrivar for å bidra til å auke kompetanse innan cyber i kommunane. Utvikle eit pilotprosjekt i samarbeid med næringsliv og akademia

Aktivitet: Arbeidet for å få på plass eit prosjekt er starta i 2024 og vil bli vidareført i 2025. Avklare korleis regionale og lokale myndigheiter kan styrke motstandskraft digitalt, medrekna cybertryggleik og datalagring. Vidareføre Cyberland og dialog med akademia. Det var i 2024 tildelt 1 million kroner til tiltaket. Det blir i 2025 sett av midlar til å styrke satsinga ytterlegare.

Tildeling: 500 000

Hovudansvarleg: Innlandet fylkeskommun og Statsforvaltaren i Innlandet

2025_27

Tiltak: Sikre breiband med høg hastigheit i heile Innlandet, som oppfyller dei nasjonale krava

Aktivitet: Vidareføre igangsett arbeid. Finansiert andre stader

Tildeling: 0

Hovudansvarleg: Innlandet fylkeskommune

2025_28

Tiltak: Støtte og vidareutvikle felles arena for mottaks- og integreringsarbeid ved massetilstrøyming av menneske

Aktivitet: Dette er ein viktig del av totalforsvarsarbeidet. Regional plan for inkludering har og dette som tema. For 2025 handler tiltaket om å vidareføre igangsett arbeid.

Tildeling: 0

Hovudansvarleg: Innlandet fylkeskommune og Statsforvaltaren i Innlandet

2025_29

Tiltak: Vidareutvikle det sivil-militære samarbeid i Innlandet og tilpasse dette til den tryggingsspolitiske situasjonen

Aktivitet: Vidareføre arbeidet med totalforsvaret (SFIN). Forsvarsforum er etablert. HV05 er av fleire kommunar invitert inn i kommunale beredskapsråd. Førebu Totalberedskapsåret 2026

Tildeling: 0

Hovudansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet i samarbeid med beredskapsaktørane i Innlandet

2025_30

Tiltak: Regionale myndigheiter skal involvere kommunane i oppfølginga av regionale planar. Opprette ei arbeidsgruppe for oppfølging

Aktivitet: Etablere eit samarbeid med KS/kommunane i lag med regional plan for klima, energi og miljø og regional plan for inkludering med mål om å sikre oppfølging og innspel i komande revisjonar (administrativt).

Tildeling: 0

Hovudansvarleg: Innlandet fylkeskommune, Statsforvaltaren i Innlandet og KS/kommunane

Tiltak 31–35

+

2025_31

Tiltak: Regionale myndigheiter skal bidra til ein kunnskapsbasert diskusjon kring målkonfliktar i dei regionale planane.

Aktivitet: Det er fleire områder innan reduksjon av klimagassutslepp og beredskap, medrekna transport og satsinga på fornybar energi. Det skal bli gjort risikovurderingar av nye sårbarheiter. Dette er ein viktig del av totalforsvaret. For 2025 blir det prioritert å auke kunnskapen om elektrifisering av transport og beredskap med mål om å bidra til ein kunnskapsstyrt diskusjon og auka bestillerkompetanse, auke kunnskapen om elektrifisering av transport og beredskap med mål om å bidra til ein kunnskapsstyrt diskusjon og auka bestillerkompetanse.

Tildeling: 250 000

Hovudansvarleg: Innlandet fylkeskommune

2025_32

Tiltak: Regionale myndigheiter skal vere ein pådrivar for å vidareutvikle regionalt samarbeid der det er ønskeleg mellom kommunane, og kartlegge behov og mogelegheiter for felles beredskapsressursar.

Aktivitet: Tiltaket må bli konkretisert jf. med St.meld. men det er naudsynt å ha midlar tilgjengeleg for å sikre fleksibilitet. Det er òg sett i gang arbeid med skjønnsmidlar frå Statsforvaltaren i Nord-Østerdalen.

Tildeling: 500 000

Hovudansvarleg: Innlandet fylkeskommune og Statsforvaltaren i Innlandet

2025_33

Tiltak: Vidareføre etablert tilskotsordning for oppfølging av regional plan. Målgruppe er kommunar og frivillig sektor med mål om å auke kompetanse og dele erfaringar innan samfunnstryggleiks-området.

Aktivitet: Søknadsfrist 1. februar 2025/2026/2027. Det blei i 2024 sett av 1 million kroner per år fram t.o.m 2027. Det blir ikkje sett av ytterlegare midlar i 2025. Ny vurdering av auka midla i 2026. Felles tiltak med RP klima, energi og miljø.

Tildeling: 0

Hovudansvarleg: Innlandet fylkeskommune

2025_34

Tiltak: "Totalforsvarsåret 2026"

Aktivitet: 2026 er vald ut til nasjonalt totalforsvarsår. Arbeidet i 2025 vil bestå av planlegging fram til 2026.

Tildeling: 100 000

Hovudansvarleg: Innlandet fylkeskommune og Statsforvaltaren i Innlandet

2025_35

Tiltak: Følge opp St.meld. 9 (2024-2025), Totalberedskapsmeldingen - forberedt på kriser og krig

Aktivitet: 10. januar 2025 la regjeringa fram ny Stortingsmelding om totalberedskap. I 2025 er det naudsynt å følge opp og vere fleksible for å gjennomføre/sette i gang tiltak som blir vedteke i ny melding. Dette krev

samarbeid mellom alle beredskapsaktørane i Innlandet.

Tildeling: 300 000

Hovudansvarleg: Innlandet fylkeskommune og Statsforvaltaren i Innlandet

Handlingsprogram 2025 vart handsama i fylkesutvalet 18. februar 2025 (PS 25/2025)